



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 13.09.2022

**Møtestad:** Formannskapsrommet Flodmaal

**Møtetid:** 09:00 - 15:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordførar	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordførar	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Varamedlem	Vara for Anne Britt Almelid

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
022/2022	Godkjenning av innkalling og saksliste
023/2022	Godkjenning av møteprotokoll
024/2022	Referatsaker
025/2022	Orienteringssaker

022/2022: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

023/2022: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

---

024/2022: Referatsaker

Behandling:

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

---

025/2022: Orienteringssaker

Behandling:

**Orienteringar:**

- TV-aksjonen 2022  
Ordførar orienterte om årets TV-aksjon som i år samlar penger til Leger uten grenser sitt arbeid med livreddande helsehjelp og medisiner. Formannskapet dannar komiteè som tidlegare år. Formannskapet ønskjer å bidra med 25 000 kr. Ordførar planlegg å gå ein

strekning med oppfordring til lokalt næringsliv om å støtte TV-aksjonen per tal kilometer ordføraren går.

- **Selskapsorganisering i NGIR**

Det er kome ny høyringsfrist for innspel til ny organisering av NGIR. Det vert lagt opp til ein eiga sak i kommunestyret i løpet av hausten for handsaming av denne.

- **Fylkesvegen i Modalen kommune**

Synfaring med Vestland fylkeskommune for å undersøke tiltak til forbetringar til mellom anna vegstandard og møteplassar. Dette vil vere viktig for vidare arbeid med å auke vegstandarden.

- **Inntektssystemutvalgets rapport med uttale**

Ordførar orienterte nærmere om utvalet sin uttale om inntektsutjamning kring kraftinntekter og konsesjon. I uttalen vert det foreslått ei endring som vil medføre ein utjamning av inntekter frå kraft og eigedomsskatt. Kort oppsummert vil ein foreslått inntektsutjamning medføre større inntektstap for særleg distriktskommunar. Dette er først og fremst ein uttale med forslag til endringar, og det er ikkje blitt tatt stilling til når eller korleis denne vert handsama vidare.

- **Statnetts planar om Modalen/Steinsland stasjon og ny kraftledning**

Orienteringsmøte om Statnetts planar for Modalen/Steinsland. Dette er del av førebuande prosess før Statnett søker om- og sett i gang med tiltaka. Det ligg foreløpig planlagt skisser for ein ny trasè parallellt med dagens trasè, og oppgraderinga vil etter desse skissene medføre ny veg i området. Byggestart er planlagt i 2025 og skal stå ferdig i 2028, med oppstart drift i 2029. Statnett inviterer i denne prosessen til dialog- og informasjonsutveksling, og det vil kome meir informasjon etter kvart. Formannskapet er positive til at Statnett orienterer om planane i eit møte i kommunestyret seinare.

- **Status vilkårsrevisjon**

Det har vore gjennomført ein befaring med dei ulike interesseaktørane, med særleg fokus på fisketrappa. Forslag til reviderte vilkår vart drøfta. NVE har bestilt uavhengige rapporter og vil kome med sine faglege råd i løpet av 2023. Endeleg avgjerd er forventa i 2025.

- **Kommune-TV**

Digitalt utstyr er på plass i kommunestyresalen og kan nyttast når kommunestyret er klar for dette. Det var forslag rundt bordet om å ha oppstart på dette til første møte i 2023. Formannskapet ber om at administrasjonen legg opp til at dette vert ein sak til kommunstyret i løpet av hausten, der ein drøfter fleire omsyn.

- **Interommunal plan for sjøareal**

Kristin Nåmdal, leiar for den interkommunale planutvalet for arbeidet med interkommunal plan for sjøreal, orienterte nærmere om arbeidet med den interkommunale planen. Planen gjeldt for kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal. Det er utarebida eit stort faktagrunnlag, og planen er avgresa til å gjelde sjøareal. Prosessen har vist at det er ein del utfordringar som ikkje let seg løyse i arealplan, og det mellom anna trengs samordna virkemidlar og regionalt samarbeid. Det er utført konsekvensutgreiing og ROS og det er samla inn arealinnspele. Plandokumentet vert sendt til kommunane i juni//juli, og det er kommunane som vedtek planen. Før dette skal planen gjennom ein høyringsprosess. Kunnskapsgrunnlaget kan leggast ved protokollen for dei som er interessert i meir informasjon om dette.

- Rassikring

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om arbeid med rassikring i kommunen.

Rassikringa bak Bryggjeslottet er noko utsett grunna raset på Kleivane som skjedde i starten av august. For å sikre området, har det vore gjort ein del rassikringsarbeid på Kleivane, og geologar har gjort fleire undersøkingar i området. Det gjenstår fortsatt noko sikringsarbeid. Det vil komme eiga sak i kommunestyret om dette, og det vert førebudd ei kostnadsestimat for dette arbeidet.

- Status investeringsprosjekt

Det vil kome status for investeringsprosjekt i 3. kvartalsrapporten, mellom anna om oppgraderingar ved Modalstunet, leikeområdet ved Mo barnehage, leikeplass ved Kleivane og grunnundersøkingar på Mo. Det er vidare under arbeid undersøkingar for løysingar for oppgraderingar av stien til dagsturhytta. Førebuinsprosess for reguleringsendring av kyrkjeteigen er i gang, og Soknerådet skal handsame avtale om bruk av kommunehuset på sitt neste møte.

- Status flyktninger

Det er busett 2 flyktningar i løpet av august, og det vil i løpet av september bli busett 3 til.

Desse er alle vaksne personar mellom 25 - 40 år. Dei busette har allereie starta på introduksjonsprogrammet, i regi av Masfjorden kommune.

- Status barnevernsavtale Modalen, Vaksdal og Osterøy

Interkommunal avtale vart sett i verk frå juli 2022. Administrasjonen er i gong med å avklare forventingar og rutinar for det interkommunale samarbeidet. Som eit felles løft, har alle tre kommunane vald å melde seg på KS sine samlingar med fokus på barnevernsløftet og arbeid med barnevernsreforma.

- Status for oppvekstplan

Plan for oppvekst er under arbeid, og det har vore særleg fokus på endringar og forventningar knytt til oppvekstreforma.

- Flaggreglement

Det vil komme eiga sak i kommunestyret i neste møte om flaggreglement.

- Interkommunalt samarbeid om legevakt

Det jobbast fram ein ny avtale om interkommunal samarbeid om legevakt, som vil komme til kommunestyret i løpet av hausten.

- Grunneigaravtale fibernett

Det jobbast fram grunneigaravtalar om fibernett, og nokre av desse er allereie signert.

- Bowlinghallen på Bryggjeslottet

Bowlinganlegget er utdatert og trengs omfattande oppgradering for å fungere.

Kostnadsestimatet ligg rundt 1 mill. kr., og det må vurderast om dette bør handsamast som eiga sak i kommunestyret, eller om ein vil handsame dette i samanheng med budsjett for 2023. Formannskapet støtter å legge opp til at dette vert tatt opp som del av den øvrige budsjettprosessen.

- Ledige stillingar

Det er for tida ei stillingutlysing i kommunen; konsulent for kultur og fritid.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---